



Døsslandspia klarte ein flott første plass! (Foto: Inger Lise Hauge)

Torsdag var ein svært spennande dag for Gudrun og Halvard Døssland. Etter at kaldblodshoppa deira, Døsslandspia, hadde levert svært lovande løp i slutten av fjoråret, var det klart for det første løpet etter nyttår. Løpet gjekk på Bergen Travpark, og etter den gode innsatsen før jul var Pia faktisk rekna i favorittsjiktet i løpet torsdag kveld. Dette tipset slo verkeleg inn, og det var ei tydeleg glad Gudrun som like etter løpet kunne fortelja at hoppa hadde vunne sin første førstepremie.

Løpet gjekk over 2100 meter, og etter den gode innsatsen tidlegare måtte Døsslandspia denne gongen starta med 20 meter i tillegg. Halvard fortel at ho alt i første sving var oppe i den fremste gruppa. Etter første langside låg ho på 4.plass, medan ho gjekk opp i teten på siste langside. Denne posisjonen heldt ho til målstreken var passert, og dermed kunne både ho og hesteeigarane ta heim sin første førstepremie. På grunn av ekstrabonus var premiesummen denne gongen 13.000 kroner.

Halvard og Gudrun er sjølvsagt meir enn fornøgd med utviklinga hestane deira har hatt dei siste månadene. – Dette er berre kjempekjekt! Det har gått mykje betre enn forventa, ja, det har gått mykje betre enn vi hadde både trudd og drøymt om, fortel Halvard entusiastisk, men det er klart vi kan ikkje venta at det kan fortsetja slik. Det må koma nedturar og. Slik er dette gamet, og dessutan må vi vera klar over at Pia framleis er urutinert i løpssamanheng.

Halvard rosar kusken, Øyvind Austevoll, og er svært fornøgd med han. – Han er heilt super, og har hovudæra for dette her!

Vi er likevel storleg imponert over det Halvard sjølv har fått til. Døsslandspia er fødd og oppvaksen på garden. Bonden sjølv har stått for treninga. Det er klart at dette må gjera det ekstra kjekt for hesteeigarane som heilt sikkert ser med spenning fram til neste løp.

Av Thor Inge Døssland